

REFERAT

Vedlegg nr. 1

Styringsgruppa for Miljøløftet

Møte 01/2025 | Klokkeslett: 09.00- 12.00 | Dato: 07.02.2025

Møtestad: Teams

Saksbehandlar: Erlend Otterå

Dato: 12.02.2025

	Navn	Part
<i>Møtedeltakarar</i>	Ingrid Dahl Hovland	Vegdirektør, leiar i styringsgruppa
	Jon Askeland	Fylkesordførar, Vestland fylkeskommune
	Nina Bognøy	Varaordførar, Alver kommune
	Vidar Davidsen	Utvalsleiar, Askøy kommune
	Tom Georg Indrevik	Ordførar, Øygarden kommune
	Terje Søviknes	Ordførar, Bjørnafjorden kommune
	Christine Kahrs	Byråd, Bergen kommune
	Liv Signe Navarsete	Statsforvaltar Vestland
	Solveig Paule	Jernbanedirektoratet
<i>Andre</i>	Anders Kjetland	Fungerande sekretariatsleiar, Miljøløftet
	Nils Magne Slinde	Statens vegvesen
	Kristian Hella Bauge	Statens vegvesen
	Kjell Kvingedal	Statsforvaltaren i Vestland
	Tor Corneliussen	Bergen kommune
	Anne Iren Fagerbakke	Vestland fylkeskommune
	Dina Lefdal	Vestland fylkeskommune
	John Martin Jacobsen	Vestland fylkeskommune
	Hans-Christian Engum	Vestland fylkeskommune
	Lasse Kolbein Anke-Hansen	Vestland fylkeskommune
	Geir Vangen	Jernbanedirektoratet
	Astrid Håvik	Jernbanedirektoratet
	Malin Bismo Lerudsmoen	Statens vegvesen
	Ørjan Raknes Forthun	Askøy kommune
	Christian Fredrik Fotland	Alver kommune
	Anita Garlid Johannessen	Øygarden kommune
	Roald Aandahl	Bergen kommune
	Sondre Hillestad	Bergen kommune
	Hilde Heggheim	Bergen kommune
	Synnøve Vilsvik	Sekretariatet
Erlend Otterå	Sekretariatet	

Saksliste byvekstvtalen

- Sak 1/25 Godkjenning av innkalling og saksliste
- Sak 2/25 Godkjenning av referat frå møtet i styringsgruppa 04.12.2024
- Sak 3/25 Utvikling i personbiltrafikken (Byindeks)
- Sak 4/25 Buytredning for Bergensområdet 2025 – Samansetjing av arealbruksalternativ og verkemiddelpakkar
- Sak 5/25 Nye statlege planretningslinjer for arealbruk og mobilitet
- Sak 6/25 Handlingsprogram 2026-29
- Sak 7/25 Oppfølging, prosjekt som ikkje har fått post 30-finansiering over statsbudsjett
- Sak 8/25 Søknad om Nasjonal sykkelkonferanse i Bergen 2026
- Sak 9/25 Innspel til dagsorden, politisk styringsgruppemøte 12. mars
- Sak 10/25 Kjennskap og haldningar til Miljøløftet
- Sak 11/25 Kommunikasjon i Miljøløftet: Aktivitetsplan 2025
- Sak 12/25 Tilgang til kollektivfelt – forslag frå Statens vegvesen på høyring
- Sak 13/25 Gjennomgang av regelverket for fartsgrenser i by, og bruken av dette
- Sak 14/25 Oppdrag om å utvikle trafikksikkerhetsindikator for byvekstvtalene
- Sak 15/25 Eventuelt, byvekstvtalen

Saksliste bypakke Bergen

- Sak 16/25 Trafikk og inntekt
- Sak 17/25 Eventuelt, bypakke Bergen

Saksliste byvekstvtalen

Sak 1/25 Godkjenning av innkalling og sakliste

Vedtak: Innkalling og sakliste er godkjend.

Sak 2/25 Godkjenning av referat frå møtet i styringsgruppa 04.12.2024

Vedtak: Vedlagt referat er godkjent.

Sak 3/25 Utvikling i personbiltrafikken (Byindeks)

Kristian Hella Bauge, SVV, presenterte byindeksen for 2024. Tala viser at trafikken i det treårige glidande snittet er -0,1 % samanlikna med 2018. Sjølv om det har vore lite utvikling i trafikktelepunkta frå 2023 til 2024, er det er ei forventning om at byindeksen vil utvikle seg til over null når vi går ut av perioden som er påverka av pandemien. Februar 2022 vil vere siste månad med direkte pandemipåverknad.

Vedtak: Styringsgruppa tek saka til orientering.

Sak 4/25 Byutredning for Bergensområdet 2025 – Samansetjing av arealbruksalternativ og verkemiddelpakkar

Kristian Hella Bauge, SVV, gjekk gjennom samansetjinga av arealbruksalternativ og verkemiddelpakkar til byutreiinga. Det blir lagt opp til tre ulike arealbruksalternativ og fire verkemiddelpakkar. Det vart presisert at ikkje alle tiltak som blir analysert i byutreiinga er realistiske å få til, men at det likevel vil gje verdifull kunnskap om kva effekt ulike verkemiddel har. Verkemiddel som ikkje er mogleg å teste gjennom modellen vil vurderast kvalitativt. Det gjeld til dømes samkøying og innfartsparkering.

Christine Kahrs, Bergen kommune, ønskte at ein i vedtaket presiserer at innhald i verkemiddelpakkane er eit utgangspunkt for vidare arbeid, og ikkje førande for politiske val. Ingen protesterte på endringsforslaget.

Vedtak:

1: Styringsgruppa sluttar seg til at det vert arbeidd vidare i tråd med prinsippa for innhald i tiltaksbanar for arealbruk (Milepæl 1), som omtalt i denne saka. Dette inneber i utgangspunktet fire ulike arealbruksalternativ: Ein referansebane der dei vedteke arealplanane til kommunane blir lagde til grunn, to tiltaksbanar med fortetting i tråd med lokalt vedteke senterstruktur og arbeid med ny KPA, og ein tiltaksbane i tråd med statlege planretningslinjer for arealbruk og mobilitet og med Regional areal- og transportplan for Bergensområdet.

2: Styringsgruppa sluttar seg til at det vert arbeidd vidare i tråd med prinsippa for innhald i verkemiddelpakkar (Milepæl 2), som omtalt i denne saka. Tiltak som skal greiast ut er treffsikre bompengar, parkeringsregulering, kollektivtakstar og kollektivtilbod, og investering i

transportinfrastruktur for alle transportformer. Innholdet i verkemiddelpakkane er eit utgangspunkt for vidare arbeid, og er ikkje førande for politiske val.

Sak 5/25 Nye statlege planretningslinjer for arealbruk og mobilitet

Kjell Kvingedal frå Statsforvaltaren orienterte om nye statlege planretningslinjer for arealbruk og mobilitet.

Det vart uttrykt ei viss uro frå Øygarden og Vestland fylkeskommune si side, om at retningslinjene legg for sterke føringar på arealutvikling i omlandskommunane, særleg utanfor regionsentera. Kvingedal understreka at retningslinjene i stor grad er like som før, men at dei er meir presisert, utdjupa og meir i takt med nullvekstmålet, og at viss det skal fremmast motsegn skal det vere fordi vesentlege nasjonale eller regionale verdiar er trua.

Vedtak: Styringsgruppa tek saka til orientering.

Sak 6/25 Handlingsprogram 2026-29

Erlend Otterå, sekretariatet, presenterte tidsplan for rullering av handlingsprogrammet, oversikt over tilgjengeleg finansiering og verktøy for vurdering av måloppnåing og modenheit.

Forslag til handlingsprogram vil bli lagt fram for styringsgruppa over dei to neste møta. Vedtak av bruk av post 30-midlar må skje seinast i neste møte, 12. mars, medan heile handlingsprogrammet må bli vedtatt seinast i møtet 25. april. Etter at handlingsprogrammet er vedtatt i Miljøløftet, skal det også bli vedtatt i dei lokalpolitiske organa før sommaren.

Når det gjeld finansiering er det spelt inn prosjekt i Bergen for meir enn dei tilgjengelege midlane, både over post 30 og post 66. Dei andre kommunane har nok tilgjengelege midlar til å prioritere alle dei innspelte prosjekta.

Vedtak: Styringsgruppa tek saka til orientering. Styringsgruppa sluttar seg til vidare prosess for HP26-29.

Sak 7/25 Oppfølging, prosjekt som ikkje har fått post 30-finansiering over statsbudsjett

Synnøve Vilsvik, sekretariatet, presenterte saka. Fleire av prosjekta i handlingsprogram 2025-2028 med finansiering over post 30, fekk ikkje løyving i Statsbudsjett 2025. Grunna varig innsparing i nokre Miljøløftet-prosjekt, finst det tilgjengelege midlar som kan omdisponerast til nokre av desse prosjekta.

Då saka vart diskutert i prioriteringsrådet, var dei tilgjengelege midlane på om lag 2,5 millionar, og det vart konkludert med at desse bør bli omdisponert til prosjektet «Manger kyrkje – Hesthaugvegen, fortau». I etterkant av møtet kom det informasjon om ytterlegare innsparingar, totalt 18 millionar, noko som betyr at det er mogleg å omdisponere til fleire prosjekt. Det er naudsynt med ei rask avklaring om kva prosjekt ein skal omdisponere

midlar til, og derfor vart denne saka løfta i styringsgruppa utan at den har blitt diskutert i sin heilskap i prioriteringsrådet. I tillegg til å omdisponere tilgjengelege midlar til nokre av prosjekta, vart det foreslått å spele inn dei resterande prosjekta, som vist i møtet, til revidert nasjonalbudsjett.

Terje Søviknes, Bjørnafjorden, argumenterte for at det vil vere naturleg å omdisponere midlar til prosjektet Trollalden-Lepsøyvegen, ettersom det allereie har starta opp. I diskusjonen blei det likevel gitt uttrykk for at det var utfordrande å vedta ei omdisponering i møtet, utan at saka hadde vore drøfta i prioriteringsrådet. Det vart semje om å sende saka tilbake til prioriteringsrådet, og at dei skal føreslå kva prosjekt det skal omdisponerast til, og kva prosjekt som skal spelast inn til revidert nasjonalbudsjett.

Når det gjeldt prosjekt som skal spelast inn til revidert nasjonalbudsjett, påpeika Nils Magne Slinde, SVV, at ein ikkje må be om meir midlar enn ein klarar å bruke opp i løpet av året, for å unngå mindreforbruk.

I etterkant av møtet i styringsgruppa vart sekretariatet gjort kjend med at frist for innspel til revidert nasjonalbudsjett kom før neste møte i prioriteringsrådet. Det betyr at vedtaket i møtet ikkje ville vere mogleg å gjennomføre før fristen gjekk ut. Sekretariatet sende i staden eit forslag om omdisponering og innspel til revidert budsjett til partane per e-post, og leverte innspelet til revidert nasjonalbudsjett til Statens vegvesen innan fristen. Innspelet er at Miljøløftet omdisponerer tilgjengelege midlar til prosjekta «Manger kyrkje – Hesthaugvegen, fortau» og «Trollalden-Lepsøyvegen, trygg GS-løysing», og spelar prosjekt inn til revidert nasjonalbudsjett i følgjande prioriterte rekkefølge: «Sykkeltilrettelegging i Gabriel Tischendorfs vei og Frydenbølien», «Skogsskiftet sentrumsområde», «Leknesvegen, fortau og avkøyrlesanering» og «Ostereidet/Lindsdalen, fortau». Saka blir følgd opp i prioriteringsrådet.

Vedtak: Styringsgruppa ber prioriteringsrådet om å legge fram eit forslag i neste møte i styringsgruppa om kva prosjekt ein skal omdisponere midlar til, og kva prosjekt som skal spelast inn til revidert nasjonalbudsjett.

Sak 8/25 Søknad om Nasjonal sykkelkonferanse i Bergen 2026

Saka gjaldt søknad om å vere vertskap for Nasjonal sykkelkonferanse 2026, som Bergen kommune og Vestland fylkeskommune har tatt initiativ til. Miljøløftet er invitert til å stille seg bak søknaden.

Vedtak: Styringsgruppa er positive til at Bergen kommune søker om å vere vertskapskommune for Nasjonal sykkelkonferanse i september 2026, og til at Miljøløftet stiller seg bak søknaden. Partane avklarar finansiering og vidare samarbeid.

Sak 9/25 Innspel til dagsorden, politisk styringsgruppemøte 12. mars

Saka vart lagt fram av fungerande sekretariatsleiar, Anders Kjetland. I tillegg til punkta som er nemnt i saksframlegget, kom det ønske om å inkludere ein diskusjon rundt oppfyljing av dei statlege økonomiske forpliktingane i Miljøløftet på agendaen.

Vedtak: Styringsgruppa foreslår dei presenterte innspela til dagsorden i møtet i politisk styringsgruppe, 12. mars 2025.

Sak 10/25 Kjennskap og haldningar til Miljøløftet

Resultata frå den årlege haldningsundersøkinga til Miljøløftet vart presentert i møtet. Undersøkinga spør folk i avtaleområdet om kjennskap og haldningar til Miljøløftet og andre relaterte tema, som val av transportmiddel.

Vedtak: Styringsgruppa tek saka til orientering.

Sak 11/25 Kommunikasjon i Miljøløftet: Aktivitetsplan 2025

Anders Kjetland, sekretariatet, presenterte aktivitetsplan for kommunikasjonsarbeidet i Miljøløftet i 2025.

Sykle til jobben-aksjonen vil ikkje vere ein del av kommunikasjonsarbeidet i år. I staden vil det vere ein eigen sykkelkampanje retta mot arbeidsplassar. Vintersykelkampanjen vil halde fram, men i ein forkorta og meir målretta utgåve en tidlegare år.

Sykle til kamp var eit nytt konsept i 2024, der Miljøløftet tilbyr gratis sykkelparkering og sykkelservice under Brann-kamp. Tiltaket vil vidareførast i 2025,

Elles vil Mobilitetsveka og Bilfri dag vidareførast i 2025. Prosjektkommunikasjon, opningar og markeringar, og gatestunt for å rette merksemd mot grønne reiseval er også blant satsingane.

I diskusjonen understreka Christine Kahrs, Bergen kommune, viktigheita av å vite kva aktivitetar som gir mest effekt for pengane.

Vedtak: Styringsgruppa tek saka til orientering.

Sak 12/25 Tilgang til kollektivfelt – forslag frå Statens vegvesen på høyring

Eit forslag frå Statens vegvesen om å endre reglane for bruk av kollektivfelt er ute på høyring. Anette Hauge, SVV, presenterte endringsforslaget i møtet, og oppfordra partane til å sende inn høyringsinnspel.

Høyringsfrist er 30. april, og vegvesenet reknar med vedtak av regelendring etter sommarferien.

Vedtak: Styringsgruppa tek saka til orientering.

Sak 13/25 Gjennomgang av regelverket for fartsgrenser i by, og bruken av dette

Arne Meland, SVV, presenterte planlagt endring av vegnormalen, som skal ut på høyring før sommaren, og implementerast i 2026.

Endringa handlar i hovudsak om å snu om på prinsippet om at 50 km/t er standard fartsgrense i tettbygde strøk, mens 30 km/t kan vurderast etter behov.

Vedtak: Styringsgruppa tek saka til orientering.

Sak 14/25 Oppdrag om å utvikle trafikksikkerhetsindikator for byvekstavgiftene

Statens vegvesen har fått oppdrag av Samferdselsdepartementet om å utvikle ein indikator for trafikksikkerheit i løpet av 2025.

Arbeidet vil bli følgt opp i eit eige forum, Trafikksikkerheit by.

Vedtak: Styringsgruppa tek saka til orientering.

Sak 15/25 Eventuelt, byvekstavgiften

Bruk av kollektivtransport i Bergensområdet

Fylkesordførar Jon Askeland presenterte ferske tal på kollektivreiser. Det har vore ein auke i bruk av kollektiv i byvekstområdet på fire prosent sidan 2023.

Det har vore vekst for både buss, bybane og snøggått. Bybanen står no for nærare 30 prosent av kollektivbruk i heile Vestland.

Møtetidspunkt til høsten

Det blir sett opp tre møter i Styringsgruppa i haust. Foreslåtte datoar er:

- 29. september
- 27. eller 29. oktober
- 3. eller 5. desember

Sekretariatet bad om å få tilbakemelding frå partane i etterkant av møtet om kva datoar som passar / ikkje passar.

I tillegg var 19. og 22. september foreslått som moglege datoar for politisk seminar.

I ettertid har dette vist seg praktisk vanskeleg sidan Vestlandssalen ikkje er ledig i september. Ein vil komme tilbake med alternative tidspunkt her.

Saksliste Bypakke Bergen

Sak 16/25 Trafikk og inntekt

Sigmund Solberg, VLFK, presenterte tal på bomplasseringar og -inntekt i 2024, og forventa trafikk og inntekt i 2025.

Det var i overkant av 94 millionar passeringar i bomringen i 2024, ein auke på 0,2 prosent frå 2023. 46,7 prosent av køyretøya var nullutsleppskøyretøy. Den gjennomsnittlege inntekta per passering var 11,73 kr.

I prognosen for 2025 er det lagt til grunn eit trafikkvolum på 257 000 køyretøy per døgn, og ei gjennomsnittsinntekt på 11,5 kr. Det gir ei brutto bompengeinntekt på 1,079 mrd. Solberg presiserte at det er stor uvisse både når det gjeld trafikkvolum og snittinntekt.

Ingrid Dahl Hovland, SVV, presiserte at bompengeinntektene ein går glipp av som følge av lågare gjennomsnittstakst enn det som ligg til grunn i bompengeproposisjonen, er pengar ein ikkje vil få igjen. Ho oppfordra Bergen kommune til å vurdere justeringar av bomtakstane for å dempe tapet av bominntekt.

Vedtak: Styringsgruppa tek saka til orientering.

Sak 17/25 Eventuelt, bypakke Bergen

Ingen saker meldt.